



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Sunnmøringen – ein stereotype i
mellomkrigstida

Sunnmøringen – a stereotype in the
interwar period

Bachelor historie

SA523

Avdeling for samfunnsfag

24.05.2017

7556

Sigurd Biørnstad Syversen

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er
brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

Innhald

English summary.....	2
Innleiing.....	2
Tidsavgrensing.....	3
Kjelder.....	4
Litteratur.....	5
Sunnmøringen – berre nok ein vestlending?.....	8
Den gjerrige sunnmøringen.....	10
Den initiativrike sunnmøringen.....	12
Den gudfryktige sunnmøringen.....	16
Konklusjon.....	17
Litteraturliste.....	19
Trykte kjelder.....	19

English summary

Norway is scattered with regional stereotypes, but few are as widely recognized among their compatriots as sunnmøringen. This is the case both in present time, and in years gone by. For this text the focus has been on the interwar period, and I have looked to newspapers to see how sunnmøringen is represented. So who is this stereotypical character from the coastal region of Sunnmøre? He is many things, but a few main traits stand out: The capitalist plays a big part; sunnmøringen is hardworking, full of innovation and initiative. But this does not mean that he is the sort of flamboyant nuevo-rich who is eager to showcase the wealth he has made, on the contrary; One of the defining characteristics of sunnmøringen is how cheap he is, the money he makes goes straight to the bank. Where does this sternness stem from? From religion, from Christianity – one with close ties to Weber's understanding of capitalism. I have looked at these different traits and tried to link them with the economy and culture in Sunnmøre in, and before, the interwar period to try and explain how this stereotype has come to be, what consequences it has had and how journalists interacted with it. What I found is that sunnmøringen fits into a larger difference between north and west in Norway, but that the west (where sunnmøringen belongs) is largely heterogeneous. Here I discuss difference in as diverse field as type of fish present, geography and religious awakenings to unfold how the stereotypical idea of sunnmøringen came to be, and existed in the interwar period.

Innleiing

I Noreg finn ein ei rekke regionale stereotyper. Tilhøyrande kvar av dei forskjellige identitetane føljer det ei rekke særtrekk. Til dømes nordlendingen sitt frodige vokabular, og den lune og blide sørlandingen. Ein av dei mest kjende stereotypane i landet er unekteleg sunnmøringen. Den gjerrige sunnmøringen det ikkje er råd å få ei krone ut av. Han som har gitt namn til ei heilt eigen svømmeteknikk der ein berre dreg vatnet til seg, men ikkje fordi han er fattig – nei, for han er også entreprenøren som slår seg opp og fram, og byggjar møbelfabrikk og skipsverft på kvar einast av dei steinute strender. Sunnmøringen, han som ikkje kan nøye seg med å berre dyrke Mammon, men også må ha Gud, to motpoler som her gjeng opp i ei større einheit der arbeid er noko pietistisk og sakralt på ein måte som sender tankane i retning av Weber sin ideatype den protestantiske etikk. I ei slik karikert utgåve kan ein utanforståande få auge på Noreg sin eigen skotte på ei mils avstand, og verst av alt – han er så evnerik og rastlaus at du finn han overalt. Men Sunnmøre som identitetsmarkør utgjer

også eit fellesskap nokon identifiserer seg med. På kryss og tvers av så mangslungne fellesskap som bygda, heimkommunen, Møre og Romsdal, Vestlandet, og Noreg er dei gamle fogderigrensene noko sunnmøringen er innanfor. Uavhengig av kor korrekte dei ideane ein ser om dei i ulike kulturelle uttrykk er. Dei er del av det Benedict Anderson har kalla førestilte fellesskapar, med andre ord sosiale konstruksjonar.¹ Den forma for kulturelle uttrykk Anderson sjølv legg mest vekt på i skapinga av desse fellesskapane er avisar. Aviser er, eller har i alle fall vore, ei synkronisering av kva meininger og idear folk har blitt eksponert for. Enkeltindividet har kunne vite at det no er ei rekke menneske han aldri kjem til å møte som les den same riksdekkandeavisa og får presentert dei same sakene. Og om dette individet vårt skulle ha gjort dette i mellomkrigstida ville han før eller seinare støyte på den visst nok så initiativrike sunnmøringen. Det eg i denne teksten skal undersøke er korleis denne ideen har komme til, og lev sunnmøringen opp til sitt rykte? Dette er to spørsmål som uunngåeleg må gripe inn i kvarandre. Stemmar det at Sunnmøre var så egalitært som det tidvis vert presentert i avisene? Til kor stor grad bygger det på den faktiske ulikskapen på det tidspunktet avisar vert skreve, eller i alle fall når stereotypien vart til? Til den grad det då er mogleg å skilje mellom det «faktiske» og den presentasjonen som vert gjeve.

Tidavgrensing

Oppgåva er tidsmessig avgrensa til mellomkrigstida. Dette er ein historisk periode som er interessant for spørsmåla som vert reist, og ein periode med naturlege avgrensingar. Sjølv om Noreg ikkje var direkte involvert i den første verdskrigen har den påverknadar på nyheitsbilete, og freden utgjer difor eit godt startpunkt. Som sluttspunkt utgjer Noreg si involvering i den andre verdskrigen ei enda meir naturleg avgrensing. Her er det ikkje berre snakk om endra nyheitsbilete, og ei eventuell ny tid, men og ein heilt annan kvardag i avisredaksjonane. Med den tyske invasjonen kom sensuren til landet, og ei rekke avisar vart ikkje lengre gjeve ut. Det er lite sannsynleg at det var sunnmøringen som stod på agendaen for sensuren, men endringa er likevel markant. I tillegg kjem det at dryge 22 år er ein lang nok periode, sjølv om det helst skal vere ei viss lengde for at ein skal få samla nok materiale.

Mellomkrigstida er ein fruktbar periode å sjå på avisar. Avisene er i denne perioden det verkeleg store massemediet. Aviser er noko folk har tilgang til, og ein har enda ikkje komme

¹ Anderson: 1991

så langt at TV og internett er utfordrar. Radioen er den andre plattforma. Såleis vert avisene i perioden den store arenaen for meiningsdanning og informasjonsspreiing. Benedict Anderson legg i ”*Imagined Communities*” stor vekst på avisene si rolle i forme fellesskapskjensler.² I forlenging kan ein seie at dei kan forme kva slags idear fellesskapet har om – i vårt tilfelle – sunnmøringen. Kva Sunnmøre sjølv gjeld er mellomkrigstida – i motsetning til store delar av verda – ein vekst periode. Difor kan det kanskje vere samanhengar mellom korleis sunnmøringen vert framstilt og at dette var ein periode han tilsynelatande levde opp til sitt ry. Som ein sunnmøring ein gang sa då han skulle oppsummere det heile: ”Dei verste tidene, er dei beste tidene”.³ Dette skulle kanskje kunne opne rom for å kike nærmare på om det var vore ein utvikling i perioden i forhold til korleis sunnmøringen vert framstilt. Den eine heilt klare kjensgjerninga er at det er 30-tallet som dominerer, sjølv om oppgåva har heile mellomkrigstida som nedslagsfelt. Det er ikkje umogleg at det kan finnast ein samanheng mellom den nemnde veksten i perioden og auke i narrativen om sunnmøringen, men at dette skal vere ein årsaksamanheng er det vanskeleg og seie noko sikkert om. Med den tematiske oppdelinga eg vil nytte nedanfor skulle det kanskje vere grunn til å tru at det skulle vere mogleg å seie noko om kva det vart lagt vekt på i ulike delar av perioden. Ei slik fordeling er det vanskeleg å få auge på. I tillegg vert kjeldematerialet noko spinkelt om ein forsøker å dele det opp kronologisk innanfor den avgrensinga som allerie er gjort.

Kjeldetilfanget frå avisene er altså avgrensa til mellom krigstida. Det betyr ikkje at den tidsavgrensinga kjem til å gjelde for dei ulike forklaringsmodellane som vert nytta. Stereotypiar er del av ein kultur, og kulturar bruker tid på å endre seg. Gjerne lengre tid enn det til dømes økonomien gjer. Difor vil økonomiske og kulturelle forhold tilbake på 1800-tallet kunne seie noko om kvifor det har oppstått ein ide om at nettopp sunnmøringen er slik og slik. Denne ideen kan bli bevart ved at den fester seg i språket og mentaliteten. Utan at dei forholda som låg til grunn er slik dei ein gong var.

Kjelder

Primærkjeldene for dette arbeidet er som sagt utelukkande aviser. Dei er henta frå Nasjonalbiblioteket sitt arkiv over digitaliserte aviser. Dette gir eit mangfold av ulike i form av ulike redaksjonelle ståstadar og geografisk tilhør. Dei riksdekkande avisene med base i

² Anderson: 1991

³ Løseth: 1996

Oslo utgjer nok brorparten, men det er og ei rekke regionale aviser som dekker store delar av landet. Ein viktig merknad er at sunnmørsavisene ikkje er inkludert, med det potensiallet for å kikke nærrare på sjølvidentifisering som ligg der. Grunnen er at desse er såpass vanskeleg tilgjengeleg at ein gjennomgang vil sprengt rammene for oppgåva. Både Sunnmørsposten og Sunnmøre Arbeideravis ligg i Ålesund, og ingen av dei digitalisert. Difor vart det naturleg å sløyfe dei. Kva sjølvidentifisering gjeld vil eg her gjere merksam på at underteikna er sunnmøring (sjølv om eg ikkje kan seiast å ha vore sunnmøring i mellomkrigstida). Denne vesle metodologiske avstikkaren vert gjort for å påpeike eit par ting. For det første for å lette samvitet. For andre – det viktige grunnen – at eg då på nokre måtar har eit visst innside perspektiv. Ikkje at dette på nokon måte er noko i nærleiken av ei analyse av meg sjølv, men det å ha eit slags tilhøyr til gruppa ein sjølv analyserar kan i nokre tilfelle gjere at ein ikkje legg merke til særtrekk ein tek for gitt. Spesielt sidan slike identitetar knyt seg til eit fellesskap ein finn i fortida. Likevel burde ikkje dette vere noko større problem med den distansen som ligg der i tid, for noko av det viktige her er jo at det ikkje er samtidia sin sunnmøring som skal analyserast, men ein som har vore. Samanhengen mellom dei to vil i så fall vere å sjå i forskjellen mellom sunnmøringen då og no, og korleis desse har påverka kvarandre. Å greie å skilje desse to vil nok vere ei større utfordring enn eventuelle sunnmørske blindflekkar. Sjølv om det så klart reint hermeneutisk sett ikkje er mogleg å sjå sunnmøringane slik dei såg han då. Kanskje kan eit meir treffande ankepunkt mot at eg som sunnmøring skriv om sunnmøringen vere Are Kalvø sin påstand om at årsaka til at sunnmørs-myten har vorte så stor er fordi sunnmøringen liker så godt å snakke om seg sjølv.⁴ Noko Kalvø, som er oppvachsen på Stranda, skrev i eit kåseri om sunnmøringen.

Litteratur

”Du kan spikre ein sunnmøring opp på flate fjøsveggen og han veks og blir feit, heiter det.”⁵ Høyrt det før? Er det berre ei forlenging av innleiinga? Arild Riise byrjar boka ”Livet på Sunnmøre” slik, og mange har gjenteke det både før og etter han – no også eg. Og med litt andre ord har vel også ein del aviser utgjeve i mellomkrigstida gjort det same. Men kvifor tek eg det opp att? Årsaka er å forsøke å belyse eit metodisk problem. Det kan vere freistande å berre ramse opp alle særtrekka sunnmøringen har, men det vert berre nok ei drope i

⁴ Kalvø: 2003

⁵ Riise: 1998

etnografien sitt alltid veksande hav, med ein og annan morosam vits attåt. Å fortelje om kva avisene skriv er nødvendigvis ein del av grunnlaget for denne oppgåva, men dette kan ikkje ende opp som eit sjølvproffeterande utsegn: Slik er sunnmøringen, og så bortetter. I staden må ein etter ein har synt korleis sunnmøringen vart framstilt spørje kvifor, og kva slags konsekvensar dette fekk.

Først skal eg ta for meg faglitteraturen som har komme inn på emne. Den personen som har skreve mest om emne frå ei historisk vinkling er nok Arnljot Løseth. Det er ikkje umogleg at han er den einaste som har gjort det utan å ha eit breiare vestlands-perspektiv. I arbeidet med denne oppgåva har eg nytta tre av tekstane hans. Det tredje bindet i *Fylkeshistorie for Møre og Romsdal* tek for seg perioden 1920-1972. Slike historier går bredt ut og søker å famne over dei fleste aspekt ved samfunnet, og sjølv om den geografiske avgrensinga dekker heile fylket gir den eit bilet av Sunnmøre som er detaljert nok til at det vert nyttig. Ei slik bok er med å på gi ei grei innføring i til dømes dei økonomiske og kulturelle forholda som er noko ein kan speile stereotypen opp i mot. Delane om Nordmøre og Romsdal er heller ikkje heilt uinteressante etter som desse to områda – som eg synar nedanfor – utgjer naturlege kontrastar til Sunnmøre. Slik samanlikningar gjer også Løseth på dei fleste felt, også kva identitet angår. Han går nemleg rett på sak med opningskapitelet «Ulike folkeslag?».⁶ Dette vert likevel berre ei kort skisse av spørsmålet der han er heilt open på at det er alt for mange variablar til at han kan gjere noko enn å antyde trendar i fylket, som til dømes at Sunnmøre var i vekst i perioden og Nordmøre i tilbakegang. Om ein då ikkje veljar å lese heile boka som eit einaste stort svar. Den innleiinga kan altså sjåast som ein invitasjon for å utføre eit arbeid der ein går meir spesifikt til verks, og forsøker å svare på desse spørsmåla. Slik eg no gjer når eg har valt meg sunnmøringen, og avgrensa meg til mellomkrigstida. I den andre Løseth teksten eg har nytta har han til ein viss grad teke denne invitasjonen sjølv. *Nordvestlandet – liv laga?* Er ei bok frå 2004 som ei rekke ulike vinklingar prøver å svare kva særtrekk det har vore og er ved næringskultur og arbeidsmarknad i dei to nordlegaste «vestlandsfylka», og kor rusta dei er for dei endringa som kjem til dømes i form av kommune- og fylkessamanslåingar.⁷ Løseth sitt bidrag er eit kapitel der han tek for seg desse problemstillingane frå eit historisk perspektiv med hovudfokus på sunnmøringen, og prøver å avdekke dei strukturane som har påverka næringane og arbeidslivet på Sunnmøre.

⁶ Løseth: 1996

⁷ Løseth: 2004

Ein annan som har tek for seg sunnmøringen er Bjørge Narvo, men han gjorde det med eit mykje breiare perspektiv – Vestlendingen. *Vestnorsk identitet i historisk perspektiv* er innleiingskapittel i *Vestlandets historie kultur*. Å forsøke å skildre vestnorsk identitet må nødvendigvis ta for seg sunnmøringen, særleg med tanke på den utbreiinga den sunnmørske stereotypien har hatt. Men det vert sunnmøringen som ein av mange. Alle dei vestlandske identitetane skal med, kvar for seg, og som delar av det som utgjer vestlendingen. Slik sett høver teksten seg best for å sette sunnmøringen i ein kontekst. Om ein skulle rangert ulike identitetar folk på Sunnmøre er knytt til etter størrelse, er nok vestlending det neste steget opp. Dette opnar opp for å samanlikne med dei som ligg næraast når det gjeld identitet. Ei presisering er at det også her er snakk om eit mykje breiare kjelde tilfang og eit lengre tidsperspektiv.

Trygve Solhaug sitt monumentale tobindsverk *De norske fiskeriers historie 1850-1880* gir ei grundig og så godt som lands omfattande innføring i fiskeriet. På Sunnmøre har fisket vore ei av dei viktigaste næringane, og bøkene er slik sett ein fin plass å sjå etter røter for dei sunnmørske stereotypiane som har vore nært knytt til næringsdrift. Det at Solhaug tek for seg heile landet gjer han gir grunnlag for å samanlikne Sunnmøre med ulike landsdelar. Spesielt er Solhaug si framstilling vorte nytta til å sjå nærare på forskjellar mellom Nord-Noreg og Sunnmøre/Vestlandet. Eit anna verk der sunnmøringen er presentert som ein av fleire vestlendingar er *To kulturar* av Jan Vea. Dei to kulturane det er snakk om er nok ein gong den nordnorske og den vestlandske.⁸ Vea samanliknar desse i eit forsøk på å seie noko om kva slags forskjellar det var mellom dei to, og kvifor dei forskjellane kom til. Den tredje Løseth teksten er ein artikkel som tek for Vea si bok. Denne set spørsmål ved og nyanserer noko av sistnemnde si framstilling.⁹ Benedict Anderson sitt verk *Imagined Communities* utgjer noko av grunnlaget for den teoretiske tilnærminga. I korte trekk hevder Anderson at nasjonar utgjer førestilte fellesskap.¹⁰ Desse ser han som born av kapitalistisk trykkeriverksemd. Denne oppgåva tek for seg eit regionalt fellesskap, men tankane hans kring fellesskap og korleis desse vert til ser eg som relevant. Både på grunn av eit ein stor del av det kan overførast til det regionale, men og fordi der er eit spel mellom det regionale og det nasjonale som to av fleire identitetar. Spesielt relevant vert det grunna fokuset hans på avisene som plattform for

⁸ Vea: 2009

⁹ Løseth: 2011

¹⁰ Anderson: 1991

spreiing av tankar og meininger. Eg har og teke med nokre sitat frå Arill Riise si humorbok *Livet på Sunnmøre*. Dette for å syne at stereotypien om sunnmøringen lev den dag i dag.

Sunnmøringen – berre nok ein vestlending?

Vestlendingen – sindig, seig, fast i trua og full av initiativ? Vestlandet er langt og mangslunge, men det er ikkje til å komme unna at også her finns ein slags stereotype som har vandra rundt i Noregs land. Det er heller ikkje alltid like greitt å vite kven vestlendingen er; Vestlandsfanden? Eller er det folk frå Sogn og Fjordane og Hordaland (det hadde vore eit fylkesnamn det), slik visse fylkespolitikkarar enten trur eller vil det skal vere? I opningskapitelet av bindet av *Vestlandets historie* som omhandlar kultur gjer Narve Bjørgo nokre forsøk på å skildre vestlandsidentiteten.¹¹ Men den som her hadde forventa å finne ein klart uthogg og kortfatta definisjon av vestlendingen hen må tru om att. Dei om lag førti sidene står mest fram som eit vitne om kor mangfaldig vestlandet er. Om ein skulle ha ønska seg ei syntese mot slutten så gir heller Narvo ordet til humoristen og til diktaren for å prøve å innkapsulere det heile. No er ikkje Sunnmøre i nærleiken av Vestlandet kva størrelse og mangfald gjeld, og utan i frå kan det kanskje sjå ut som om det er snakk om ein Sunnmøring. Dette er ikkje tilfelle, sjølv ikkje i avisene når ein ser nærmare på dei.

Det som er sikkert er at dette er identitetar som ikkje føljer fylkesgrensene, men grenser er der unekteleg. Å forsøke å følje desse grensene kan vere fruktbart. Identitetar eksisterer nemleg ikkje i vakuum – dei står i forhold til andre identitetar. Dei seier like mykje om kven ein er som kven ein ikkje er; kven som høyrar til og kven som står på utsida. I dette tilfellet er det sunnmøringen som er innanfor, det er han som skal beskrivast (eg kjem i oppgåva til å nytte han. Dette fordi det er maskulinum, og ikkje for å underkjenne at sunnmøringar er både menn og kvinner, sjølv om kjeldemateriale i hovudsak tek for seg menn og stereotypane i stor grad høyrer til tradisjonelle mannsroller, med nokre få unntak som kanskje kan vere belysande.) Likevel kjem ein alltid til å støyte borti dei som fell utanfor, eller tilhøyrar andre grupper. Her er det som kjent ikkje vasstetteskot mellom dei ulike gruppene, og som det gjekk fram av innleiinga, dei fleste har ei rekke identitetar å forholde seg til. Gruppene kan heller ikkje seiast å vere homogene. Ein del av den sunnmørske identiteten har vore at det er særskilt egalitært, men skilje mellom fattig og rik kan nok også her vere nyttig. Sunnmøringen deler fylke med

¹¹ Narvo: 2006

romsdalingen og nordmøringen. Dei gamle fogderigrensene er den dag i dag verksame. Ein finn neppe nokon som vil identifisere seg sjølv som møre og romsdaling, og når ressursar skal fordelast på fylkestinget er ordet fogderistrid aldri fjernt. Difor utgjer desse naturlege motsatsar når ein skal prøve å seie noko om kva politiske, religiøse og økonomiske forhold som kan ligge bak det at sunnmøringen vert framstilt som han vert.

Før ein kan kontrastere med dei to naboane i nord må ein vende blikket mot sør. For kva identitet angår er det her sunnmøringen finn slektskap – sunnmøringen er ein vestlending. Så kva er det som skil sunnmøringen ut frå resten av vestlendingane? I Smaalenenes Socialdemokrat 1933.08.22 kan ein lese nok ein beskrivelse av sunnmøringen som «krabber» over heile verda, noko som stemmer heilt overeins med biletet eg har malt innleiingsvis. Men så gjeng artikkelforfattaren hen og hevdar at i staden for sunnmøring så kunne det like så godt ha stått sunnfjording. Kanskje ikkje så rart med tanke på sunnmøringen nok ligg sunnfjordingen og nordfjordingen nærest, både kulturelt og geografisk. Men så i skarp motsetning kan ein i Nordlandsframtid 1939.03.18 lese om sogningen, sunnfjordingen og sunnmøringen som hadde lova ein gamal kar at dei skulle legge hunde kroner kvar i kista hans når han døyde. Dei to første hald ordet sitt, sjølv om det svei litt – særleg for sunnfjordingen som ikkje kunne vere noko därlegare enn sogningen – medan sunnmøringen skreiv ut ein sjekk på 300 kroner og tok dei to hundrelappane. Det er ikkje eit forsøk på denne opprampsinga av karakteristikkar eg advarte mot ovanfor, og heller ikkje fånyttes forsøk på å la kjeldene ”tale for seg sjølv”, men ei framheving av ein kontrast. Ein kontrast som ligg i dei forskjellane der er i framstillinga av sunnmøringen. Slike framstillingar vert som det er vist nytta for identifikasjon. Mottakaren av framstillinga skal utan store kunnskapar kunne kategorisere kva hen har foran seg. Spesielt i avisar som er eit relativt ”lett” medium med korte tekstar er det viktig at identifikatorane er enkle. Ein treng til dømes berre å seie ”gjerrig sunnmøring” og dei fleste vil med ein gong vite kva det dreiar seg om. Men samtidig er dette eit flytande felt der ideane om kven nokon er aldri er statiske eller har noko evig kjerne. Dette er nok muligens grunnen til at ein som over får fleire ulike syn, som til tider kan vere motstridande. Som oftast er dei berre ulike trekk ved den gitte identiteten som kjem til uttrykk. Sunnmøringen er ikkje alltid gjerrig; ofte er han gudfryktig eller evnerik. Men alle desse definisjonane er berre typar, både når eg nytter dei og når avisene nytter. For meg er dei teoretiske størrelsar, medan dei for bladfykane kan vere grunn for latter, moralisering eller rett og slett ha vore slik dei oppriktig såg det. Difor vil eg prøve å ta for meg dei mest hyppig nytta idealtypane ein og ein for å få ei tematisk oversikt. Om ein til slutt gjer eit forsøk på og

sjå desse i lys av kvarandre, og med fokus på kven som vart mest nytta kan ein danne seg eit større bilde av kven sunnmøringen var for dei som skreiv avisene i mellomkrigstida. Difor kan forsøk på å avgrense ”sunnmøringen” først komme utover i teksten. Alle dei antydingane på kva ein sunnmøring er, vil nok høyre med i ein slik definisjon, men ikkje vere grenser. Det å dele opp sunnmøringen i fleire ulike aspekt gir også nokre andre konsekvensar for teksten. Ulige forklaringsmodellar kjem til å verte nytta for å forklare sunnmøringen, med den konsekvensen at det vert ein struktur der dei ulike modellane vert knytt opp til det mest relevante aspektet. Nokre av desse kjem til å vere meir sjølvsagte enn andre, men dei ulike følta kjem nødvendigvis til å gli over i kvarandre. Tanken er jo tross alt at der finst *ein* stereotypi om sunnmøringen som heng såpass saman at den er vert å analysere.

Den gjerrige sunnmøringen

Først kjem det som truleg i dag er den mest kjende sunnmøringen – den gjerrige. Som vi skal sjå nedanfor var dette ikkje den mest utbredte i kjeldematerialet, ei ære som gjekk til den initiativrike sunnmøringen. Så er det vel også slik at det er vanskeleg å spare viss du ikkje først har skaffa deg noko og göyme på. Og göyme det kan dei: sunnmøringen, skotten og jöden – dei tre som meg bekjendt vart rekna for nokon av dei gjerrigste i den vestlege kulturkrinsen. Sistnemde kan tene som ei påminning om at dette ikkje berre er tull og fjas på stereotypane si bekostning, men eit alvorleg tema. Ovanfor peikte eg på at identitet alltid innber at nokon er innanfor og nokon utanfor. Her kan ein sjå kva det kan føre med seg i ytterste konskvens, og kva slags makt som er ibuande i slike symbol. Når det gjeld sunnmøringen og det språket som vert ført i avisene går han nesten i eit med ordspråket; ei krone tent er ei krone spart (eventuelt reinvisetert). Eller som Adresseavisen 1938.01.22 som hevdar at når ein sunnmøring tener 1200 kroner då sparar han 1200 kroner. At dette nok ikkje berre er sunt vert antyda i ein artikkel om ein fiskar som kvestar handa i motoren, men er meir uroa for skadane han kan ha påført båten.¹²

Sunnmøringen og nordlendingen er «havets herrer» står det å lese i Aftenposten 1935.07.10. Er det å gå for langt å hevde at dette er dei to mest markerte regionale stereotypane i Noreg? Det spelar neppe noko rolle, men dei er i alle fall begge markante, og likheitene stoppar ikkje der. Som Aftenposten allereie har antyda for oss er havet viktig for begge. Fisket saman med

¹² Dagbladet: 1930

jordbruk har tradisjonelt vore dei dominante næringane. Begge områda ligg i periferien fjernt frå makta. På mange måtar representerer dei utkant-Noreg, men utkanten er ikkje einsarta. Forskjellane mellom Nordlendingen og Sunnmøringen kan vere politiske og dei kan vere religiøse. Religiøsitet og politisk ståstad er noko som skal diskuterast meir utfyllande nedanfor, men kanskje finn ein her sporen til det som skil desse to stereotypane. For det å definere eit fellesskap er alltid å sette grenser – uansett kor flytande dei måtte vere – og når avisene i mellomkrigstida skal syne kor gjerrig sunnmøringen er sett dei han opp mot nordlendingen. Sistnemnde vert den andre, og øydslinga hans vert antitesen til den gnitne sunnmøringen. Den allereie nemnde artikkelen om handkvestinga syner dette godt. For å underbygge påstanden sin føljer journalisten opp med å samanlikne med ein noko karikert fiskar frå Nord-Noreg som ikkje veit korleis ein bank ser ut, feirar fangst med blautkake (som sunnmøringen visst nok ikkje likar) og – prinsipplaus som han er – kan stele frå dei andre fiskarane. No får det vere ei sak at alle som har vore i konfirmasjon på Sunnmøre kan avkrefte at påstanden om blautkaka har levd vidare, men dette kan mogleikens berre illustrere eit mønster der ein har ei motsetning, og med den som utgangspunkt fell dei to – bevisst eller ikkje – inn i diametralt motsette posisjonar. Kanskje ein slags sjølv bekreftande dialektikk? Trekk ein parallellell tilbake til jøden har jo til dømes Slavoj Zizek synt korleis Nazismen som ideologi – på tross av «den endelege løysinga» – er heilt avhengig av ideen om jøden for å oppretthalde seg sjølv.¹³ Men her vil eg prøve å samanlikne ein litt meir uskuldig narrativ – den gnitne sunnmøringen og den øydslande nordlendingen.

Sjølv Bjørgo sluttar opp om denne tradisjonen i denne allereie nemnde avslutninga. Etter å ha fortalt ei viktig lita historie frå kommunestyret i Meland, føljer han først opp med å seie kva nordlendingen hadde gjort, før han prøver å seie noko om vestlendingen.¹⁴ Når Bjørgo hevdar at det var ulikheiter mellom nord og vest støttar han seg på Trygve Solhaug sitt tobindsverk *De norske fiskeriers historie 1815-1880*. Dette er som ein ser ei god stund før mellomkrigstida, men at dette er idear som har blitt bevart i kulturen kan ein kanskje få ein peikepinn på av det faktum at Bjørgo – som tek for seg vestlandsidentitet heilt fram til 2000-talet – finn det relevant, også for å sjå på forholda i dag. Solhaug syner ulike økonomiske mekanismar som førar til forskjellar.¹⁵ Ein av dei er værtvang. I nord var dei i eit system der fisken vart overlat til nesse-kongar som tok over fisken i det den kom i land. Det var og

¹³ Zizek: 2001

¹⁴ Bjørgo: 2006

¹⁵ Solhaug: 1976

vanlegare å selje fisken rå nord for Romsdalsfjorden på andre halvdel av 1800-talet. Ei motsetning til dette finn ein på Sunnmøre der det i hovudsak var fiskarane sjølv som stod for foredlinga. Her kan ein sjå ei spire til tanken om eit egalitært Sunnmøre – fiskarane sjølv kunne bygge seg opp. Men likheit betyr ikkje i dette tilfelle lik fordeling, heller noko i retning av nesten like mogelegheiter til å konkurrere. Dette kan ha lagt grunnlag for ein annan måte å forvalte pengar og ressursar; Eit mønster som ligg nærare ein kapitalistisk idyll med fri konkurranse mellom homo economicus. Ikkje det at Sunnmøre var nok klasselaust samfunn. Løseth syner at det var eit lagdelt samfunn, på tross av det idealiserte bilde som fanst i form av arbeidsgivar og arbeidstakar som likemenn.¹⁶ Utan at dette gjorde at ein fekk den polariseringa ein fekk i meir venstreorienterte områder. Ei anna viktig årsak til at konkurransen var friare kan vere den seine framveksten til Ålesund.¹⁷ Sjølv om byen mot slutten av 1800-tallet utstyrte eit stort tal fiskebåtar, var den ikkje tidleg ute. Ålesund vaks i stor grad fram på ønske frå handelstanden som vil ha eit sentrum. Det å ha eit byborgarskap som kontrollerte handelen resulterte i ei annleis økonomisk system lengre nord. Sørover hadde ein noko av det same i form av Bergen som kan ha verka som ein bremsekloss.¹⁸ I tillegg kjem det faktum at Sunnmøre geografisk sett var vanskelegare å kontrollere. Solhaug støttar difor opp om at det var forskjellar mellom nord og vest, og han gjer dette med grunnlag i at ulike forutsetningar gav ulike utfall. Likevel påpeikar han at dei stereotypiane som veks fram frå kulturelle og økonomiske vilkår er karikerte, og manglar mange nyansar. Løseth føyer til nokre nyansar når skriv om fattigkassa.¹⁹ For også på Sunnmøre gjekk folk på fattigkassa, noko som var ei skam i heile fylket – og heile landet for den del – men kanskje spesielt på Sunnmøre. Der syner Løseth at dette var i strid med den likskapsidealiseringa som var til stades. Kanskje kan sunnmøringane slik ha vore med å påverka korleis dei framstod, både for seg sjølv og andre.

Den initiativrike sunnmøringen

Når Benedict Anderson skal spore dei førestilte fellesskapane er det i hovudsak snakk om nasjonale felleskaper.²⁰ Som nemnd er avisene ein av dei faktorane han legg mest vekt på i

¹⁶ Løseth: 1996

¹⁷ Solhaug: 1976

¹⁸ Løseth: 2004

¹⁹ Løseth: 1996

²⁰ Anderson: 1991

forklaringane sine, men avisene er unekteleg knytt til kapitalismen. Når han trekk dei lange linjene er nasjonalismen og kapitalismen noko som veks fram symbiotisk. Opninga desse to kunne springe ut av finn han i tilbakegongen til dei store religiøse fellesskapa, deira heilage språk og verdsbilete. Så kva då med dei regionale identitetane? Kan det vere ein freistande parallel i det at kapitalismen var så viktig for denne utviklinga, og det at sunnmøringen er kapitalisten med stor k i Noreg? Kor plasserer sunnmøringen seg i spelet mellom regional og nasjonal identitet? Bjørgo hevdar «Her er det grasrota lokalt og regionalt som har tatt vare på, og som nå revitaliserer nasjonalkulturen. Perspektivet frå 1800-talet er altså endevendt.»²¹ Her er det mange trådar å neste i. For det første verker ikkje forskjellen så stor mellom denne ideen om samtid og 1800-talet. Var ikkje nettopp tanken under den norske nasjonsbygginga at ein i stor grad måtte trekke ut på landet for å finne det norske? At her hadde bondekulturen gjennom mørketida konservert det «ekte» norske, og at ulike regionale identitetar vart byggjeklossar i ein nasjonal identitet? Det vil ikkje vere urimelig å seie at Hardanger vart satt høgare som byggmateriale enn til dømes Austfold. Kanskje låg forskjellen i at alle komponentane – uavhengig av kor dei var frå – berre vert rekna for norske. Når ein skal byggje ein nasjonalstat er det nok meir interessant å glatte over ulikhetene. At desse regionale identitetane eksisterte i utgangspunktet kan skuldast geografiske årsakar. Noreg har alltid vore eit tråkki land å komme seg fram i, og at det var havet som batt saman kan nok ha bidrige til eit enda klarare aust vest skilje. Desse regionale forskjellane var altså gjerne til stede i eller anna form før kapitalismen si trykkemaskin gjorde sitt inntog, og opna opp for ei heilt anna meiningsutveksling. Eller då låg der i alle fall ein spire som ein kunne ta opp og spreie gjennom avisene. Den nye meiningsutvekslinga er det første av tre punkt Anderson legg vekt på som konsekvensar av samspelet mellom kapitalisme og trykka, og det er på ein måte det som leiar oss opp til perioden.²² Dei to andre punkta er ikkje like rett fram for norske forhold. Anderson meiner at det vart skapt eit fastsatt språk som gav nasjonen ei form for varigheit både framover og bakover i tid, og at dette språket vart det nye mакtspråket. Noreg vart velsigna med to språk. Kanskje er det slik i dag at ein er nordmann fordi ein er sunnmørking, telemarking, finnmarking, osb. Og dette trenger som sagt ikkje å vere noko nytt. Det eg vil antyde er at andre verdskrigen kan utgjere eit skilje i forståelsen av kva det vil seie å vere norsk. Nynorsken hadde stordomstida si i mellomkrigstida, men sank etter krigen. Krigen kan ha vore med å syne at ikkje berre bondekulturen kjempa for Noreg. Forhåpentlegvis har dette

²¹ Narvo: 2006

²² Anderson: 1991

vore med å synt kva slags rom eg meiner sunnmøringen vert presentert i, i mellomkrigstida, og introdusert den historiske grunngjevinga for initiativrikdommen.

Den initiativrike sunnmøringen er utan tvil den mest utbreidde stereotypien. Om lag halvparten av kjeldene inneholder den kategorien eg har vald å klassifisere som initiativrik. Ein vesentleg del bruker faktisk akkurat den termen, og gjer dei ikkje det kan dei forsikre om at sunnmøringen grip sjansen, tek tak og er først ute. I følgje nokon av avisene så daterer dette seg heilt tilbake til vikingtida. Om dette hadde stemt kunne det sikkert har forklart nokon av dei kulturelle forskjellane innan fylket, sidan det den gong nærast var snakk om ulike riker. Men det vert anakronistisk å snakke om sunnmøringen på den tida. Ein anna forklaring som eg så vidt har vore inne på – og som eg kjem tilbake til i spørsmålet om religiøsitet – er dei naturalistiske. Tanken om at det er vær og vind, det bårute havet, og dei steile fjellene som har forma sunnmøringen er særstundt utbrede i avisene. Eg har allereie ein gong lånt ordet til Arild Riise for å la han framstille ur-sunnmøringen, men han føljer sjølv opp med å innvende «...om resultatet skal vere som venta. Det må vere ein som er vaksen opp mellom sunnmørstindane, ein «bone» som har finta steinras i ungdommen på veg til setra ein tidleg morgontime.»

Korleis måler ein så initiativrikdom? Måler enn den i arbeidstimar? Neppe så lett å få oversikt over, spesielt for dei som arbeida i fiske eller jordbruk. Noko ligg kanskje i argumenta henta frå Solhaug som vart presentert i forhold til den gjerrige sunnmøringen. Jan Vea har nytta naturen som ei forklaring i *To kulturer*, der han samanliknar kystsamfunn på Vestlandet og i Nord-Noreg. Han tek forskjellen mellom sild og torsk som utgangspunkt.²³ For Vea er det altså ressursgrunnlaget som er avgjerande, og som tittelen antyder, resulterer i to ulike kulturar. På den eine sida har ein torskefiskekulturen i Nord-Noreg. Torsken er mykje meir forutsigbar. Dette førte visstnok nordlendingen inn i fastlåste mønster. Når ein stort sett visste korleis fiske kom til å arte seg då visste også fiskarane kva dei hadde og gjere, og fall inn i ein mentalitet der det gjekk på gammal vane som mest vart ein minimumsinnsats. Dette er teke med for å få fram heilheita i argumentet til Vea, men det vert med ei grov skisse. Eg har allereie samanlikna ein del med nordlendingen, og vil difor la denne vegen stå ugått for denne gong. I staden skal eg sjå nærmere på sildefiskekulturen på vestlandet.²⁴ Dette er motsetninga til torskefiskekulturen, og det er også her sunnmøringen høyrer til. Silda har ei heilt anna åtferd. Den er mykje meir uberekneleg. Ein veit ikkje når den kjem, kor den kjem eller kor mykje det

²³ Vea: 2009

²⁴ Vea: 2009

kjem. Det er fleire måtar dette kan ha fremma initiativrikdom på. Det krevjar at fiskaren må vere snar med å handle når muligheita er der, og at han må prøve å opparbeide seg metodar for å vite når og kor silda kjem. Sunnmørtingane måtte difor kanskje både ha initiativ og vere innovative i denne evige jakta. For næringane på land kan den sykliske silda ha vore eit tveggja sverd. Når silda først kom vare det god butikk, og ei moglegheit for å komme seg opp og fram fortare. Men når den ikkje gjorde det måtte ein finne på noko anna. Dette kan ha vore ein kime til omstillingsemne og mangfald i næringane. Når den leiken han ville sjå ikkje vare å finne måtte han ta seg til noko anna. Er dette grunnen til at ein i 1ste mai 1937.11.11 kan lese at «Sunnmørtingen er og hev alltid vore som havørni, uroleg og spejane mot alle himlaleite». Dømet som vert gjeve i artikkelen for at sunnmørtingen «er» slik, er at han har vore tidleg ut med sølvrevdrift. I «hev» finn vi den historiske grunngjevinga, denne gong i form av vikinghøvdingen Gange-Rolv. Dei har nok lukkast med den geografiske plasseringa, men elles så er det vel å ta hardt i å trekke dei linene dei gjer, over om lag eit årtusen.

Når eg no har skrive om sunnmørtingen og sildefisket har det vore gjennom eit perspektiv som hadde vestlendingen som utgangspunkt. På nytt vendar spørsmålet tilbake om kva det så er som gjer at Sunnmørtingen skiljar seg ut, om han gjer det. Kan det tenkast at sunnmørtingen er ein av vestlendingane som sterkest lev opp til den vestlendingen Vea presenterer? At dei slik sett er overrepresentert? Det som er sikkert er at det meste av kjelder og litteratur prøver å syne at Vestlandet er mangfaldig. Vea nyanserer også når han hevdar at sør i Sogn og Fjordane var eit område der torsken stod sterkt, og at dei difor sakka akter økonomisk. Arnljot Løseth kjem med tilsvær der han meiner denne framstillinga er feil fordi torskefisket var viktigare nord i fylket²⁵. Eg skal ikkje grave meg for djupt ned i forholda i Sogn og Fjordane, men dette kan vere ei påminning om å ikkje la seg blende av ein enkel ressurs som forklaring på kulturelle forhold. For å understreke dette kan ein berre tenke på forskjellen mellom land som Noreg, Nigeria og OPEC-landa som alle har olje som ein av sine største ressursar. Som sagt var den initiativrike sunnmørtingen den det var mest av i kjeldematerialet, men i avisene finn ein og innvendingar mot denne framstillinga. Om sølvrevdrifta – som av nokre vart sett på som eit argument for det sunnmørske initiativet – kan ein lese at mange av farmane står ubrukta etter at eigarane har gått på ein smell.²⁶ I Nationen 1937.02.26 kallar dei riktig nok sunnmørtingen «karrig», men det vert hevdat han vert overflødig i snurpenotdrifta. Også desse påstandane er det grunn til å sette spørsmålsteikn ved. Det er riktig at Sunnmøre vart eit

²⁵ Løseth: 2011

²⁶ Stavanger Aftenblad: 1931

tyngdepunkt for revedrift.²⁷ Ei anna sak er det at farmane i hovudsak vart drifta gjennom sameige – ei tilnærming ein tok med seg frå fisket, som til dømes i notlaga. Vea hevdar denne forma for eige har ført til ein kombinasjon individet sin eigen innsats og samarbeidsanda.²⁸ Det avgjerande er vel likevel kanskje at stereotypien kan overleve unntak – uavhengig om dei bekreftar regelen eller ikkje – men at mange nok har hatt ein slik mentalitet, eller bidrege til å spreie den.

Den gudfryktige sunnmøringen

Max Weber såg som mange andre at der såg ut å vere ein forskjell i grad av økonomisk utvikling i Europa.²⁹ Protestantane låg framføre katolikkane. Problemet vart sjølv sagt å forklare kvifor. Weber prøve å svare når han sett den protestantiske etikken i samanheng med den noko vidløftig titulerte idealtypen «kapitalismens ånd». Når han først introduserer denne «anda» er det med å seie at ein klar definisjon av den må komme til slutt i teksten, og her ligg vel noko av inspirasjonen min til å strukturere denne teksten slik eg har gjort. Men i dette tilfellet er det snakk om sunnmøringen. Det er dei trekka som har vorte avdekka ved han som må sjåast i ein samanheng. Her vert det eit dobbelt spel: for Weber er idealtypen noko ein må konstruere for å kunne seie noko om historia utan å drukne i enkeltilfelle. På den andre sida er stereotypen sunnmøringen ein måte aviser, som ein del av ein kultur, nytter til å kategorisere, sjølv sagt med heilt andre vitskaplege krav. I grove trekk var Webers tanke slik: Arbeidet vart for protestantane eit kall.³⁰ Ein skulle leve eit pietistisk liv der ein arbeide for å sikre familien sin. Alkohol og anna synd var ut, og kom berre i vegen for det arbeidet ein var kalla til å gjere. I tillegg var det ikkje berre familien ein skulle sikre, om ein lukkast godt kunne dette vere eit teikn på at ein skulle til himmelen. Mykje av dette minner om den tilnærminga til arbeidet og synet på fortaneste som er synt ovanfor. Skamkjensla som vi såg var knytt til fattigkassa passar og godt inn i dette biletet, men det betyr ikkje at ein på nokon måte kan sette to strek under svaret.

Weber hadde eit stort fokus på kalvinistane, men det er og mykje til felles med andre protestantiske retningar. På Sunnmøre var det lekmannsrørsla om gjaldt, og den gjorde sitt

²⁷ Løseth: 2004

²⁸ Vea: 2009

²⁹ Weber: 1995

³⁰ Weber: 1995

inntog i form av vekkingsmøter utover frå 1850-tallet og framover mot århundreskifte.³¹ Særleg store var dei på 1880- og 90-tallet. I avisene har dei si eiga tese om kvifor – den harde naturen. Dette er ei forklaring som gjeng igjen knytt til dei fleste trekka ved sunnmøringen. Når avisene snakkar om naturen er det ikkje snakk om forskjellen mellom sild og torsk, men det ville havet sunnmøringen må gi seg utpå i farkostar som ikkje var rusta for storm. Denne forklaringa hel neppe vatn. Ein kan berre sjå på nordlendingane som har ein minst like hard natur å stri med, og kor ulike tankar journalistane har om dei. Misjonsbasarane var store i mellomkrigstida.³² Ein ser altså at den lågkyrkjelege bedehuskulturen var til stede i perioden, og at dette ikkje var noko nytt. I Avisene hadde den og funne vegen inn. Der hevder journalistane at sunnmøringen er tiltaksam, men ikkje fordi han er noko kald materialist, men fordi han er djupt religjøs.³³ Og at ei sunnmørs-mor er gudfryktig.³⁴ Her kjem eit viktig moment inn – oppsedinga, ikkje berre den mellom foreldre og born, men og sosialiseringa i lokalsamfunna. I tillegg kjem for ein gongs skuld kvinnene ut av skuggen. Dei verkeleg puritanske var nemleg aldri i fleirtal på Sunnmøre, men i følje Løseth var dei ei normerande kraft.³⁵ På bedehuset preika ein haldninga som fekk innflytelse på heile lokalsamfunnet. Dette var rå fordi det var små samfunn der alle kjende alle, og forskjellane ikkje var for store. Bedehuset var den naturlege samlingsstaden i lokalsamfunna. Dei som ikkje identifiserte seg særleg med kristendommen slutta å møte opp først i etterkrigstida.³⁶

Konklusjon

Om ein avslutningsvis skal prøve å sette saman desse ulike fragmenta og dei meir reindyrka typane som her utgjer sunnmøringen ser ein fort at det vert komplisert. I eit forsøk på å få alle bitane til å sete saman kan ein komme i fare for å konstruere ein eigen sunnmøring, som vert aldri så fjern frå det som var utgangspunktet – norske aviser i mellomkrigstida. Men om det er ein ting den vestlandske, den gjerrige, den initiativrike og den gudfryktige sunnmøringen har synt, så er det at puslespelet ikkje går opp. Noko det heller ikkje kan gjere, men det er ikkje noko å slå seg til takke med.

³¹ Løseth: 2004

³² Løseth: 1996

³³ Fædrelandsvennen: 1933

³⁴ Aftenbladet: 1937

³⁵ Løseth: 2004

³⁶ Løseth: 1996

Eg avslutta delen om den gudfryktige sunnmøringen med å seie at fråfallet i bedehusmiljøa først tok til etter andre verdskrigen, og her finst det ei moglegheit for å næste litt opp. Igjen peiker dette i retning mot at mellomkrigstida var ei spesiell tid der fleire av trekka ved den stereotype sunnmøringen var til stades. Løseth meiner tilnærminga til arbeidet vart ståande medan religion vart mindre viktig.³⁷ Om ein tenker slik må ein og spørje seg korleis desse elementa hang saman i byrjinga av perioden. Vekkingane kom altså ikkje til Sunnmøre før 1850-tallet, noko som var seinare enn til dømes på Sørvestlandet der dei byrja 30 år tidlegare.³⁸ Dette betyr at sildefiskekulturen kan ha hatt større innflytelse på Sunnmøre før ein fekk ei meir puritansk retning på kristendomen, som stemmer meir overeins med Weber sin protestantiske etikk. Slik kan ein del av dei kapitalistiske trekka ha utvikla seg uavhengig, og kanskje ha tilrettelagt for vekkingsbølgja? Sjølv om den protestantismen ein hadde i utgangspunktet heller nok ikkje stod i opposisjon til hardt arbeid. Dette vert svært komplisert med ei rekke faktorar. Her kan ein reflektere over det forholdet det vert mellom idealtypar og verkelegheit. Sannsynleg vis har dei enkelte faktorane påverka kvarandre, og forsterka kvarandre der dei hadde fellestrekks. Korleis dette har skjedd håpar eg har emna å pirke litt borti ovanfor, samtidig som eg har måtte halde auge på den stereotype sunnmøringen. Han som både har vore utgangspunkt og overbygning.

Å avdekke alle dette samspelet var nok neppe det ein journalist frå Dagbladet hadde i tankane då han skreiv om jenta som for oppetter fjellsida, og reiv ein av saudene sine ut av hendene på ein bjørn.³⁹ I staden føydde han nok ei historie til – den forenkla – soga om sunnmøringen. Ein sosial konstruksjon og ei historie, som slik inngjekk i hans eige – og lesarane si – verkelegheit.

³⁷ Løseth: 2004

³⁸ Vea: 2009

³⁹ Dagbladet: 1939

Litteraturliste

- Anderson, B. (1991). *Imagined Communities*. London: Verso.
- Løset, A. (1996). *Fylkeshistorie for Møre og Romsdal Likskap og lagdeling*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Løset, A. (2004). Region, kultur og økonomi – Nord-Vestlandet 1850-1975. I H. Gammelsæter, O. Bukve, A. Løset (red.), *Nord-Vestlandet – liv laga?* (s. 22-51). Otta: Sunnmørsposten Forlag.
- Løset, A. (2011). Sild og torsk. Grunnlag for to ulike kulturer?, *Historisk tidsskrift*, 2011(02), 261-269.
- Narvo, B. (2006). Vestnorskidentitet i historisk perspektiv. I K. Helle (red.), *Vestlandets historie kultur* (8-519). Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Riise, A. (1998). *Livet på Sunnmøre blant bona og dæmmagutta*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vea, J. (2009). *To kulturer*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Weber, M. (1995). *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*. Oslo: Gyldendal.
- Zizek, S. (2001). *Ideologiens sublime objekt*. Oslo: Spartacus.

Trykte kjelder

Adresseavisen 1938.01.22

Adresseavisen 1939.96.20

Aftenposten 1933.07.01

Aftenposten 1934.04.12

Aftenposten 1936.11.19

Aftenposten 1937.06.2

Bergens Tidende 1926.01.04

Bergens Tidende 1939.07.01

Dagbladet 1930.12.03

Dagbladet 1939.06.19
Firda Folkeblad 1933.07.07
Fædrelandsvennen 1932.10.01
Fædrelandsvennen 1933.05.20
Nationen 1937.02.26
Nordlandsframtid 1939.03.18
Stavanger Aftenblad 1931.09.05
Stavanger Aftenblad 1937.03.27
1ste mai 1937.11.11